

Utviklinga på arbeidsmarknaden

SAMANDRAG

Aktiviteten på arbeidsmarknaden er no svært høg. I løpet av 2006 auka sysselsetjinga med 65 000 personar og denne utviklinga held fram inn i 2007. Arbeidsløysa er på det lågaste nivået på 19 år, samstundes som det er lyst ut mange ledige stillingar. NAV sin årlege bedriftsundersøkelse stadfestar at det er mangel på arbeidskraft i mange sektorar. Vi må tilbake til 1998 for å finna like stor mangel på arbeidskraft, målt ved NAV sin bedriftsundersøkelse.

Trass i rekordlåg arbeidsløyse og aukande mangel på arbeidskraft, har presset på arbeidsmarknaden enno ikkje gitt seg utslag i ein monaleg prisvekst. Den høge arbeidsinnvandringa vi har i denne oppgangskonjunkturen har utvida produksjonskapasiteten og vore med på å dempa presset på arbeidsmarknaden. Likevel er det no mange industriverksemder som produserer ved full kapasitet. Dette, saman med ein aukande mangel på kvalifisert arbeidskraft, aukar risikoene for at høgare løner og prisar etter kvart vil verka avkjølende på temperaturen i norsk økonomi.

Høge oljeprisar og høg etterspørsel etter norske varer og tenester i utlandet er viktige drivkrefter bak oppgangskonjunkturen. I løpet av 2006 auka investeringane i oljeretta verksemder med 8,2 prosent samanlikna med året før, og investeringane er no på eit rekordhøgt nivå. I følgje tal frå Statistisk Sentralbyrå vil desse investeringane også auka noko i 2007. Investeringane i oljeretta verksemder vil difor gi vekstimpulsar til norsk økonomi også i tida framover.

Internasjonalt er det vekst i økonomien i dei fleste land. Dette gjeld mellom anna Tyskland, Sverige og Danmark som er dei viktigaste handelspartnarane til Noreg. Økonomisk utvikling i USA har mykje å sei til utviklinga i verdsøkonomien. Den siste tida har det vore knytt uvisse til utviklinga i amerikansk økonomi.

Arbeids- og velferdsdirektoratet ventar at etterspurnaden etter arbeidskraft vil halda seg høg utover i 2007 og 2008. Etter kvart vil mangel på arbeidskraft og høgare løner dempa etterspurnaden etter arbeidskraft. Sysselsetjinga vil venteleg auka med 50 000 i 2007 og ytterlegare 25 000 i 2008. Vi ventar at den registrerte arbeidsløysa vil bli 48 000 i gjennomsnitt for 2007, ein nedgang på 15 000 personar i høve til i fjor. I 2008 ventar vi at det gjennomsnittlege talet på registrerte arbeidslause vil bli 45 000, ein reduksjon på 3 000 i høve til i år. Prognosane for arbeidsmarknaden er dermed uendra frå førre Arbeid og Velferd.

LÅGASTE ARBEIDSLØYSETAL PÅ 19 ÅR


Oppgangskonjunkturen har no vara i om lag fire år, og 2006 var det tredje året på rad med vekst i BNP over trendvekst. Arbeidsløysa har falle sidan årsskiftet 2003 – 2004, og i løpet av fjoråret vart den registrerte arbeidsløysa redusert med 25 prosent i høve til 2005. Dette er den største nedgangen i registrert arbeidsløyse i løpet av eitt år nokosinne.

Dei første fire månadene i 2007 har den sesongkorrigerte arbeidsløysa falle med 4 500, mot ein nedgang på 8 700 i same periode i fjor. Arbeidsløysa held dermed fram med å falla, men ikkje like sterkt som i fjor. Samstundes som arbeidsløysa går ned, blir det lyst ut mange ledige stillingar. Dette tyder på at vi kan venta at arbeidsløysa skal falla ytterlegare i tida framover. Arbeidsløysa er no den lågaste sidan sommaren 1988.

Ved utgangen av april er det registrert 47 300 heilt arbeidslause. Dette svarer til 2,0 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 19 300 (- 29 %) i høve til april 2006.

Tal frå Arbeidskraftundersøkinga (AKU) til Statistisk sentralbyrå (SSB) viser ein trend med kraftig reduksjon i arbeidsløysa den siste tida. I følgje AKU var 2,7 prosent av arbeidsstyrken arbeidslause i 1. kvartal 2007. Dette svarer til ein reduksjon i arbeidsløysa på 29 prosent i høve til 1. kvartal i fjor.

Figur 1.
Utvikinga i talet på registrerte arbeidslause, summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar og arbeidslause målt ved AKU.
Sesongjusterte tal¹, januar 1998 – april 2007.



¹ For arbeidslause målt ved AKU er det nyttar 3- månaders glidande gjennomsnitt.

KJELDE: SSB OG NAV

STERK VEKST I SYSELSETJINGA

Sysselsetjinga, målt ved AKU, auka med 71 000 personar frå 1. kvartal 2006 til 1. kvartal 2007. Veksten i sysselsetjinga har særleg kome innanfor forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift der talet på sysselsette auka med 24 000, noko som er ein tredel av den samla veksten i sysselsetjinga. Også innan bygg og anlegg, undervisning og andre sosiale og personlege tenester var det ein sterk vekst i talet på sysselsette samanlikna med 1. kvartal i fjor.

Auken i sysselsetjinga har først og fremst kome gjennom ein reduksjon i arbeidsløysa og ein auke i folke-mengda i yrkesaktiv alder. Den totale yrkesdeltakinga har endra seg lite. I første kvartal 2007 er 68,6 prosent av kvinnene og 75,2 prosent av mennene i alderen 15–74 år i arbeid. Dette er ein auke på 0,8 prosentpoeng blant kvinner, og ein nedgang på 0,1 prosentpoeng blant menn, samanlikna med tal frå 1. kvartal i fjor.


Yrkesdeltakinga har auka mest blant dei eldste i arbeidsstyrken. Blant dei som er 67 år og over har yrkesdeltakinga auka med 4 prosentpoeng frå 6,9 til 10,9 prosent. Ein del av denne auken skuldast endringar i alders-samansetjinga i denne aldersgruppa. Blant kvinner har det også vore ein monaleg vekst i yrkesdeltakinga i aldersgruppa 55–66 år, frå 57,5 prosent 1. kvartal i fjor til 59,3 prosent i 1. kvartal i år.

Sysselsetjingsbarometeret i bedriftsundersøkelsen² viser at nettotalet på verksemder som ventar vekst i syssel-

Figur 2.
**Endring i talet på sysselsette personar
1. kvartal 2006 – 1. kvartal 2007 etter næring.
1000. personar.**



Figur 3.
Sysselsetjingsbarometeret, bedriftsunder-søkelsen 2007. Utvikling 1996–2007.



setjinga det komande året er rekordhøg, jamfør figur 3. Sysselsetjingsbarometeret viser at verksemndene ventar at veksten i sysselsetjinga skal halda fram.

MANGEL PÅ ARBEIDSKRAFT

Samstundes som arbeidsløysa er rekordlåg, blir det lyst ut mange ledige stillingar. I løpet av april 2007 blei det lyst ut 28 prosent fleire ledige stillingar enn i same periode i fjor. Mange verksemder opplever no at det er vanskeleg å rekruttera kvalifisert arbeidskraft. Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt konjunkturbarometer for 1. kvartal 2007 viser at det er ein aukande prosentdel av verksemndene som melder om at mangel på arbeidskraft er ein avgrensande faktor for produksjonen.

NAV sin bedriftsundersøkelse for 2007 viser at det er stor mangel på arbeidskraft innan mange yrke. Mangelen på arbeidskraft summerer seg i år til 88 000 personar. Dette er 28 000 fleire enn det som kom fram i fjorårets bedriftsundersøkelse. Mangelen på arbeidskraft er i år den største som er målt i bedriftsundersøkelsen i den perioden det er mogeleg å samanlikna tal for. Truleg må vi tilbake til 1998 for å finna tilsvarende stor mangel på arbeidskraft.

Tabell 1 viser mangelen på arbeidskraft i bedriftsundersøkelsen 2007 samanlikna med talet på arbeidslause ved utgangen av april 2007, etter yrkesgruppe. Yrkesgruppene dekker mange ulike einskildyrke, og dei arbeidslause har ulike kvalifikasjoner. Ein kan difor ikkje tolka denne tabellen som at dei arbeidslause utan vidare kan dekka mangelen i si yrkesgruppe. Innan bygge- og anleggsyrka er det hovudsakleg faglært arbeidskraft som manglar,

² For definisjon av sysselsetjingsbarometeret sjå artikkelen «NAVs bedriftsunder-søkelse 2007».

Tabell 1.

Mangel på arbeidskraft i bedriftsundersøkelsen 2007 etter yrkesgruppe, samanlikna med talet på heilt arbeidslause ved utgangen av april 2007.

	Mangel 2007:	Heilt arbeidslause, april 2007	Mangel per heilt arbeidslaus
Leiarar	200	897	0,2
Ingeniør- og ikt-fag	13550	1603	8,5
Undervisning*	1100	1193	0,9
Akademiske yrke	2050	1336	1,5
Helse, pleie og omsorg	3900	3479	1,1
Barne- og ungdomsarbeid**	0	2321	0,0
Meklarar og konsulentar	3450	2602	1,3
Kontorarbeid	1700	5008	0,3
Butikk- og salsarbeid	3550	4987	0,7
Jordbruk, skogbruk og fiske	550	918	0,6
Bygg og anlegg	21500	3855	5,6
Industriarbeid	17250	5380	3,2
Reiseliv og transport	14250	4795	3,0
Serviceyrke og anna arbeid	5200	5424	1,0
I alt:	88300	47296	1,9

* Inkluert forskolelærarar

** Det blei ikkje rapportert om mangel på arbeidskraft innan denne yrkesgruppa i bedriftsundersøkelsen i 2007

KJELDE: NAV

medan mange av dei arbeidslause er ufaglærte. Tabellen er meint å illustrera innan kva for yrkesgrupper det er størst mangel på arbeidskraft.

Mangelen på arbeidskraft er særleg stor innan ingeniør- og ikt fag. I denne yrkesgruppa manglar det 8,5 personar for kvar person som er registrert som arbeidslaus. Tabellen viser også at det er stor mangel på arbeidskraft innan industriarbeid, bygg og anlegg og reiseliv og transport. Høg arbeidsinnvandring har sikra arbeidskraft til industri og bygg og anlegg, medan arbeidskraft med utdanning på ingeniørnivå i større grad blir rekrytert i Noreg.

Det er også stor mangel på forskolelærarar. Ein stor del av denne mangelen blir truleg dekkja opp av ufaglært arbeidskraft.

ARBEIDSINNVANDRING DEMPAR PRESSET PÅ ARBEIDSMARKNAÐEN

Stor arbeidsinnvandring har vore med på å sikra høg aktivitet i norsk økonomi gjennom denne oppgangskonjunkturen. Særleg er det høg arbeidsinnvandring frå «dei nye» EU-landa. Frå 1. mai 2004 blei EU utvida med 10 nye medlemsland³.

I 2006 var det ei nettoinnvandring til Noreg på 23 700 personar. Dette er den høgaste innvandringa til Noreg nokon sinne. Polakkar utgjer den største gruppa av innvandrarane til Noreg i 2006.

Tal frå Utlandingsdirektoratet viser at det løpet av perioden 1/1 til 8/4 2007 blei gitt 13 800 arbeidsløyve til borgarar frå dei nye EU-landa. Dette er ein auke på 54 prosent i høve til same tid i fjor. Auken i talet på arbeidsløyve tyder på at tilstrøyminga av utanlandsk arbeidskraft til Noreg held fram.

Arbeidsinnvandringa har sikra arbeidskraft først og fremst til bygg og anlegg og til industrien. Truleg hadde mangelen på arbeidskraft innan bygg og anlegg og industri vore langt større utan tilgang på arbeidskraft frå utlandet. Tilgangen av arbeidskraft frå utlandet har ført til at løns- og prispresset har vore moderat trass i høg etterspurnad etter arbeidskraft.

MANGE UTANFOR ARBEIDSMARKNAÐEN

I Noreg er det låg arbeidsløyse og høg yrkesdeltaking samanlikna med mange andre land. Likevel er det ein høg prosentdel av folkemengda i yrkesaktiv alder som ikkje er i ordinært arbeid, permanent eller mellombels. Ein nedgang i talet på personar som ikkje tek del i arbeidslivet vil auka tilgangen på arbeidskraft.

Talet på mottakarar av uføretrygd har auka jamt dei siste åra. Ved utgangen av 1. kvartal 2007 var det 329 900 personar som var mottakarar av uføretrygd, ein auke på

³ Estland, Kypros, Latvia, Litauen, Malta, Den Tsjekkiske republikk, Polen, Slovakia, Slovenia og Ungarn.

2,3 prosent frå 1. kvartal 2006. Auken er noko mindre enn frå 1. kvartal 2005 til 1. kvartal 2006. Veksten har samband med at fleire yrkesaktive oppnår ein alder der risikoene for å verta ufør aukar.

Ved utgangen av april er det registrert 85 500 yrkesvalhemma ved NAV, dette er ein nedgang på 6 000 personar (7%) i høve til april i år. Nedgangen i talet på yrkesvalhemma skuldast først og fremst at færre personar søker attføring, og at fleire yrkesvalhemma kjem i arbeid. Blant dei som avslutta ein periode som yrkesvalhemma i løpet av dei fire første månadene i år, er det relativt sett fleire som kjem i arbeid enn same periode i fjor.

Det totale sjukefraværet var 6,8 prosent i 4. kvartal 2006, ein auke på 0,1 prosentpoeng frå 4. kvartal 2005.

INTERNASJONAL UTVIKLING

Frå og med 2004 har verdsøkonomien vore inne i ein kraftig vekstperiode. Auka globalisering har ført til den sterke veksten i verdsøkonomien sidan 70-talet, og dei fleste industrialiserte land har opplevd vekst i økonomien dei siste åra. Særleg kraftig vekst har det vore i dei nye økonomiane som India og Kina.

I Euroområdet er det vekst i økonomien. Veksten har i stor grad vore driven av auka eksport og ein auke i investeringane, men i den seinare tid har også konsumet auka. Sysselsetjinga har auka og arbeidsløysa gått ned. Betringa på arbeidsmarknaden vil venteleg føra til auka lønsvekst og auka privat forbruk. I tida framover er det venta at veksten i eksporten vil bli noko avdempa, medan innanlandsk etterspurnad vil ta seg opp. Sesongkorrigerte tal frå Eurostat viser at i perioden september 2006 til mars 2007 fall arbeidsløysa i Euroområdet samla frå 7,7 prosent til 7,2 prosent. I Tyskland har arbeidsløysa vorte redusert frå 8,4 prosent til 7,0 prosent i denne perioden.

Svensk økonomi er inne i ein periode med høg vekst. Låge renter har medverka til sterkt vekst i privat forbruk, samstundes som internasjonal oppgang stimulerer eksporten. Denne utviklinga har ført til at arbeidsstyrken og syselsettinga stig raskt. Også i Danmark er det sterkt vekst i økonomien.

I dei nye EU-landa er det no høg vekst i økonomien og fallande arbeidsløyse. Veksten er først og fremst driven av innanlandsk etterspurnad. Prisar og løner veks sterkt i mange land. Sjølv om arbeidsløysa har falle sterkt, er det framleis høg arbeidsløyse i mange av desse landa. Det er difor ikkje truleg at lågare arbeidsløyse i dei nye EU-landa på kort sikt vil føra til ein nedgang i arbeidsinnvandringa til Noreg.

Dei siste månadene har veksten i USA vore lågare enn trendvekst, og det er venta at denne utviklinga vil halda fram i 2007. Nedgang i bustadinvesteringane er ei viktig årsak til dette. Likevel har ikkje nedgangen i bustadinvesteringane gitt så negative impulsar til resten av økonomien som ein kunne frykta. Sysselsetjinga har auka i løpet av 2006 og held fram med å auka inn i 2007, samstundes som

arbeidsløysa går ned. Utviklinga på arbeidsmarknaden saman med ein vekst i lønene har ført til ein sterkt vekst i det private forbruket. Det er framleis knytt uvisse til utviklinga i amerikansk økonomi framover.

I Kina har det vore kraftig vekst i økonomien dei siste åra. Dette har ført til at den økonomiske utviklinga i Kina blir stadig viktigare for utviklinga i verdsøkonomien. Samstundes blir den kinesiske økonomien meir open og avhengig av utviklinga internasjonalt.

UTVIKLINGA I NORSK ØKONOMI

Høge oljeprisar og høg etterspurnad etter norske varer og tenester i utlandet er viktige drivkrefter bak den oppgangskonjunkturen Noreg har opplevd dei siste åra. Samstundes har låge renter og liten prisstiging ført til ein auke i bustadinvesteringar og i privat konsum. Oppgangskonjunkturen har no vart i om lag fire år med vekst i BNP over trendvekst. Førebels tal frå nasjonalrekneskapet for 4. kvartal 2006 viser sterkt vekst i norsk økonomi i løpet av fjoråret. BNP for fastlands-Noreg vaks med 4,6 prosent i 2006.

Samla investeringar i oljeretta verksemnd blei på 95,4 milliardar i 2006, ein auke på 8,2 prosent i høve til 2005. I første kvartal i år anslår verksemndene eit samla investeringsnivå på 104,6 milliardar for 2007, dette er tolv milliardar kroner høgare enn tilsvarende anslag gjeve for 2006 i 1. kvartal 2006. Vi kan difor rekna med at norsk økonomi vil få positive vekstimpulsar frå oljeretta verksemnd også i tida framover.

SSB sitt Konjunkturbarometer for 1. kvartal viser aukande ressursvanskar i industrien. Orderveservane aukar, noko som tyder på at mange verksemder produserer ved full kapasitetsutnytting.

Ei gradvis heving av rentenivået ser enno ikkje ut til å gi utslag i ein dempa byggeaktivitet. Talet på igangsette bygg held fram med å auka inn i 2007. Noregs Bank har signalisert gradvis auke av rentenivået for å dempa prisveksten som følgje av høg kapasitetsutnytting i norsk økonomi. På siste rentemøte i april blei styringsrenta halde uendra på 4,0 prosent. Høg realinntektsvekst og låge renter har ført til ein auke i privat konsum. Dette har ført til auka innanlandsk etterspørsel etter varer og tenester. Varekonsumet har vist ein aukande tendens gjennom heile oppgangskonjunkturen.

Lønsoppgjeren er no ferdig for dei fleste grupper. I privat sektor blei resultatet eit sentralt tillegg som tilsvarer ein lønsvekst på om lag 4,5 prosent frå 2006 til 2007. Med bakgrunn i den strame arbeidsmarknaden vil det truleg bli høge lokale tillegg i privat sektor. Lønsoppgjeren i stat og kommune tilsvarer ein lønsvekst på 4,8 prosent. Noregs Bank har anslått lønsveksten til 5,0 prosent i 2007, medan SSB har eit anslag på 5,5 prosent lønsvekst.

UTVIKLINGA PÅ ARBEIDSMARKNADEN VIDARE I 2007 OG I 2008

Arbeidsmarknaden er no svært stram med tiltakande mangel på arbeidskraft, og mange industriverksemder produserer ved full kapasitetsutnytting. Dette kan tyda på at prisane etterkvart vil stiga og verka dempande på veksten i norsk økonomi. Samstundes har sysselsetjinga halde fram med å auka, og den registrerte arbeidsløysa å falla, utover i 2007.

Vi ventar at sysselsetjinga, i følgje AKU, vil auka med 50 000 personar samla for 2007, og vidare auka med 25 000 i 2008. Vi legg til grunn at den sterke arbeidsmarknaden vil føra til at innvandringa til Noreg vil halda seg på eit høgt nivå, noko som vil gi auke i folkemengda i yrkesaktiv alder. Det er også eit potensial for auka yrkesdeltaking. Yrkesdeltakinga blant kvinner over 55 år har auka det siste året, og vi legg til grunn at denne utviklinga held fram. NAV ventar at arbeidsstyrken samla vil veksa med om lag 30 000 personar i 2007 og ytterlegare 20 000 i 2008. Dette er uendra frå anslaga våre i Arbeid og velferd 1/2007.

Ut frå anslaga på utviklinga i sysselsetjing og arbeidsstyrke ventar vi at arbeidsløysa målt ved AKU vil verta redusert med 20 000 i 2007 i høve til i 2006. Dette vil gi ein reduksjon i arbeidsløysa målt ved AKU med 0,9 prosentpoeng, frå 3,5 prosent i gjennomsnitt for 2006 til 2,6 prosent i gjennomsnitt for 2007. Vi ventar at den registrerte arbeidsløysa vil falla frå 2,6 prosent i 2006 til 2,0 prosent i 2007, og vidare til 1,8 prosent i 2008. Også anslaga på arbeidsløysa vidare i 2007 og i 2008 er uendra i høve til Arbeid og velferd 1/2007.

Det er stor uviss knytt til anslaga for utviklinga på arbeidsmarknaden. Med den mangelen på arbeidskraft som vi no observerer, aukar sannsynet for at vi kan få ein høg løns- og prisvekst. Dette vil i så fall verka dempande på veksten i norsk økonomi, og føra til ein lågare etterspurnad etter arbeidskraft. Dersom den økonomiske utviklinga internasjonalt endrar seg, kan dette føra til lågare etterspurnad etter norske varer og tenester frå utlandet. Dette vil i så fall kunna føra til lågare etterspurnad etter arbeidskraft i Noreg.

Tabell 2.

Arbeids- og velferdsdirektoratet si vurdering av gjennomsnittleg tal på arbeidslause i 2007 og 2008. Føresetnader om tiltaksnivået i 2007 og 2008. Faktiske tal for 2006

	2006	2007	2008
Registrerte arbeidslause (personar)	62923	48000	45000
Registrerte arbeidslause i prosent av arbeidsstyrken	2,6 %	2,0 %	1,8 %
Tiltakslassar (ordinære arbeidssøkjarar)	10139 ¹⁾	11300 ²⁾	11300 ³⁾
Arbeidslause, AKU i prosent av arbeidsstyrken)	3,5 %	2,6 %	2,4 %

1) For 2006 er det brukt gjennomsnittleg tal personar i tiltak ved utgangen av månaden. Dette kan avvika noko frå talet på tiltakslassar.

2) Tiltaksnivået for 2007 er sett i tråd med regjeringa sitt framlegg til revisert statsbudsjettet for 2007. Dette inkluderer ikkje dei om lag 500 tiltakslassane som Oslo kommune disponerer.

3) Beregningsteknisk er det føresett same tiltaksnivå i 2008 som i 2007.

KJELDE: SSB OG NAV

Tabell 3.

Endringar i arbeidsstyrke, sysselsetjing og arbeidsløyse frå året før. Faktiske tal for 2006, prognose for 2007 og 2008.

	2006	2007	2008
Arbeidsstyrke (AKU)	46000	30000	20000
Sysselsette (AKU)	65000	50000	25000
AKU arbeidslause	-27000	-20000	-5000
Registrerte heilt arbeidslause (NAV)	-20600	-15000	-3000

KJELDE: SSB OG NAV